

Gk Inneklima AS
Jarle Husebø
Postboks 70 Bryn
0611 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/5407 - 21/53686

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
13.08.2021

Løyve til å skifte ut ventilasjonsanlegg - gbnr 188/492 Gjervik ytre

Administrativt vedtak: **Saknr: 856/21**

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker: Gk Inneklima AS

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3, vert det gjeve løyve til utskifting av ventilasjonsanlegg på forretningsbygg på gbnr 188/492 slik det er søkt om og i samsvar med følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i planteikning datert 08.06.2021, jf. pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horizontalplanet.
3. Oppdatert gjennomføringsplan må sendast inn.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket skal følgande liggja føre:

1. Oppdaterte teikningar som viser faktisk plassering av tiltaket.


SAKSUTGREIING

Tiltak

Det er søkt om å skifte ut eitt ventilasjonsanlegg og fjerna eitt ventilasjonsanlegg i sin heilskap. Nytt anlegg skal etablerast i eksisterande ventilasjonshus på tak på gbnr 188/492. Det skal vidare leggast nye kanalar over tak til kanalnett som tidlegare vart forsynt av anlegget som no vert søkt fjerna.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.06.2021.

Kart og teikningar



Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 09.08.2021 og frist for sakshandsaming er 3 veker fra denne dato.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av områdeplanen for Knarvik sentrum, planid 1263-201002, der eigedomen er avsett til sentrumsføremål, BS2.

Det omsøkte tiltaket er omfatta av unntaket frå kravet om utarbeiding av reguleringsplan i føresegn 1.6.2, som omfattar mindre endringar og tiltak i eksisterande bygg som ikkje er til hinder for seinare gjennomføring av områdeplanen.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i teikning datert 08.06.2021.

Veg, vatn og avløp

Tiltaket medfører inga endring i forhold til eksisterande situasjon.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

VURDERING

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Vi legg til grunn at nødvendig samtykke frå eigar ligg føre.

Nabovarsel

Kommunen vurderer at tiltaket i lita eller inga grad berører naboar sine interesser, og finn at det ikkje vil vera nødvendig å nabovarsla tiltaket.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner denne, jf. gjennomføringsplan datert 08.06.2021. Oppdatert gjennomføringsplan som samsvarar med innsend erklæring om ansvarsrett i saka må sendast inn. Det er berre føretaka som har erklært ansvar som skal førast på skjema.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nyttar rettleiing frå Statsforvaltaren. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søkjar, jf. pbl § 20-3.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nyttar fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/5407

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Mellombels bruksløyve/Ferdigattest

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar gbnr 188-492

Kopi til:

Tekstil Nytt Eiendom AS

Kvernhusmyrane 5914
33

ISDALSTØ

Mottakarar:

Gk Inneklima AS

Postboks 70 Bryn 0611

OSLO